

SeaDream Yacht Club innstiller cruisetrafikken inntil vidare.

06.08.2020



Eit av SeaDream skipa på veg ut Storsund, sundag 19. juli.

Cruisetrafikken med **SEADREAM 1** og **SEADREAM 2** vert innstilt inntil vidar. Årsaka er at ein dansk passasjer på cruise i perioden 21. juli til 2. august testa positivt på koronasmitte. Det var nok til at Folkehelseinstituttet bestemte at ingen får gå i land på kystcruisa i Noreg. Dermed var det ingen **SEADREAM** skip å sjå i Storsund i dag, 6. august.

Rosendal er destinasjon for Atle Brynestad sine kystcruise, med total 19 anløp i Kvinnherad. På to av dagane var begge skipa innom Kvinnherad på same tid. Det var to typer cruise, eit på sju dagar mellom Oslo og Bergen, det andre på 12 dagar mellom Oslo og Tromsø.

På seglingsplanen les vi at det står 10 turar att slik det var planlagd. No er det stopp og redaren seier i samtal med Dagblad at det kan bli haustcruise dersom tilhøva ligg til rette for det.

Den siste turen frå Tromsø fekk stopp i Bodø med koronatesting. Ingen, anten det er mannskap eller reisande, har testa positiv. Alt var negativ. Ingen er smitta og skipet held fram reisa mot Oslo.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal